



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

KOPI

Solund kommune
Postboks 73

6921 HARDBAKKE

Dykkar ref

Vår ref
11/1314-29 KRT

Dato
25 OKT 2011

**Statsbudsjettet 2011 - Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling
- Tilsegn om tilskot på inntil 700 000 kroner til Solund kommune, Solund til
1000 - Bulyst 2011**

Tilsegnnummer: 11203032

Vi viser til:

- Utlysing av bulystmidlar på www.regjeringa.no/bolyst
- Søknad frå Solund kommune, sendt frå Sogn og fjordane fylkeskommune 18. mai 2011.

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) gir med dette tilskot på inntil 700 000 kroner til prosjektet Solund til 1000 i Solund kommune i 2011. Under føresetnad om Stortinget sitt budsjettvedtak i 2012 vil departementet støtte prosjektet også i 2012, med 1 200 000 kroner. KRD vil sende eit nytt tilskotsbrev i 2012, etter at årleg rapport er motteke, sjå punktet om rapportering og kontroll seinare i dette brevet. Det kan ikkje påreknast ytterlegare medfinansiering frå KRD.

Målet med bulystsatsinga

Målet med satsinga på bulyst er å vidareutvikle kunnskap om korleis lokale og regionale utviklingsprosjekt skapar bulyst og attraktive stader. Dei 44 prosjekta som er valde har ulik innretting, ulike tema og stor geografisk spreining. Dette viser breidda og variasjonen knytt til omgrepet bulyst. Vi er opptekne av at bulystsatsinga skapar læring, merksemd og engasjement rundt lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

Departementet vil oppfordre fylkeskommunane til å ta ein rådgjevar- og støttespelarfunksjon for dei utviklingsprosjekta som no får støtte gjennom

bulystsatsinga. Vi ser fylkeskommunane som ein heilt sentral nettverksbygger og regional tilretteleggjar for lokale prosjekt. Med utgangspunkt i fylkeskommunane si rolle som regionale utviklingsaktørar er det naturleg at dei tek støttespelarrolla for prosjekta. Vi ønskjer at fylkeskommunane inkluderer dei som har lokalt prosjektansvar for bulystprosjekta i sitt arbeid med regional utvikling.

Kompetansesenteret for distriktsutvikling (Distriktssenteret) har ei sentral rolle i arbeidet med bulyst, både når det gjeld kunnskapsbygging og formidling. Prosjektansvarlege bør òg bruke www.distriktssenteret.no. Det er ein viktig portal for å finne erfarings- og forskingsbasert kunnskap frå andre satsingar og prosjekt.

Vi gjer dykk spesielt merksame på at Norsk senter for bygdeforskning har utarbeidd ein rettleiar i lokal samfunnsutvikling. Rettleiaren er utarbeidd som ein del av følgjeevalueringa av den nasjonale småsamfunnssatsinga, som blei gjennomført av KRD i perioden 2006-2009. Rettleiaren kan lastast ned via følgjande lenkje, <http://www.regjeringen.no/upload/KRD/LUK/Fagstoff/Veilederilokalsamfunnsutvikling.pdf>. Vi håper at rettleiaren kan kome til nytte i dykkar vidare arbeid, og papirutgåva er difor òg lagt ved dette brevet.

Erfaringsoverføring og læring er ein viktig del av bulystsatsinga. Representantar for prosjektet må difor vere villige til å delta i evalueringar og på eventuelle nettverkssamlingar for å presentere prosjektet og dele kunnskap. Kunnskapsdeling kan skje både mellom dei ulike pilotane, og frå pilotane til KRD og Distriktssenteret. Vi ønskjer at prosjekta skal vere synlege, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Mål for prosjektet

Hovudmål for prosjektet er å skape ekte, samlande og varig bulyst i Solund. Vidare er målet for prosjektet å skape folkevekst i kommunen, synleggjere "mangfald" som ressurs for samfunnet, dokumentere at bulyst i eit lite samfunn er knytt til heilskapstenking, samhandling og stoltheit over eigen kommune, synleggjere Solund-verdiar og gje innbyggjarane grunnlag for å finne ein felles identitet og tilknytning til samfunnet – og å finne gode lokale løysingar for offentlege tenester. Til det siste, er tanken at nærleik til slike tenester også har positiv innverknad for utvikling av andre arbeidsplassar og for rekruttering til andre stillingar. Det er òg formulert fleire delmål for prosjektet, med følgjande seks tema som overskriftar: Bustad, utvikling, levande liv, yrkesmangfald, samordning og tilknytning.

Departementet vurderer at det å finne gode lokale løysingar for offentlege tenester, er særleg interessant med dette prosjektet. Departementet ber Solund kommune samarbeide med fylkeskommunen om å konkretisere og tydeleggjere m.a. innhald, mål og verkemiddel i det vidare arbeidet med prosjektet.

Kostnadsoverslag

Prosjektet har eit totalbudsjett på 7 500 000 kroner over 5 år. Under føresetnad om Stortinget sitt budsjettvedtak for 2012, gir KRD til saman 1 900 000 kroner over kap 552, post 72 i 2011 og 2012.

Følgjande budsjett ligg til grunn for tilskotet, for heile prosjektperioden fram til 2015. KRD gjer oppmerksom på at vårt tilskot gjeld fram til og med 2013:

Løn og sosiale kostnader prosjektleiar	3 500 000
Anna løn og sosiale kostnader eller tilskot	1 000 000
Kjøp av eksterne tenester og/eller tilskot	1 000 000
Studiereiser og/eller tilskot	250 000
Andre reisekostnader, internt/eksternt	150 000
Marknadsføring	100 000
Andre driftskostnader	150 000
Investering – Inventar, utstyr, IKT	50 000
Eigeninnsats arbeidsgrupper	1 300 000
SUM	7 500 000

KRD gir eit tilskot som er mindre enn omsøkt beløp. Vi ber difor om at Solund kommune sender inn revidert budsjett, finansierings- og framdriftsplan, i samband med stadfestinga på at tilskotet tas imot på dei vilkåra som er gitt. Frist for dette er 20. november 2011.

Vi gjer merksam på at midlar over kap 552.72 ikkje kan nyttast til investeringar i bygningar eller anna fysisk infrastruktur. Tilskotet skal som hovudregel ikkje nyttast til investeringar i utstyr. Unntaket er mindre investeringar som er avgjerande for gjennomføringa av aktiviteten. Tilskot til utstyr skal normalt ikkje overstige 10 pst. av prosjektkostnadane. Sjå retningslinjer for posten på www.regjeringen.no/krd/retningslinjer.

Vilkår for utbetaling av midlar:

1. Solund kommune må innan 20. november 2011 stadfeste overfor departementet at det er aktuelt å gjennomføre prosjektet, og at tilskottet vert motteke på vilkåra i dette brevet. Prosjektarbeidet må ikkje settast i gang før den samla finansieringa er på plass. Tilbakemeldinga til departementet må òg innehalde opplysningar om kva kontonummer pengane skal overførast til.
2. Prosjektet kan gjere mindre omprioriteringar og justeringar dersom dette er gunstig for å nå måla i prosjektet. Større endringar, som medfører endringar i prosjektet sitt totale budsjett, må godkjennast av departementet.
3. Det skal førast spesifisert rekneskap for arbeidet. Rekneskapen skal settast opp slik at utgiftene kan samanliknast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for

tilskottet. Dersom arbeidet ikkje blir utført i omfanget de har skildra i søknaden, eller til dei kostnader de har gitt opp i søknaden, vil departementet redusere tilskottet tilsvarende. Tilskotsmidlar som departementet har utbetalt kan òg bli kravd tilbakebetalt, heilt eller delvis. Rekneskapsmaterialet skal oppbevarast i 10 år.

4. Riksrevisjonen, Kommunal- og regionaldepartementet eller dei departementet gir mynde, kan krevje informasjon frå tilskottsmottakar og sette i verk kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Dette er i samsvar med Løyvingsreglementets § 10 og Lov om Riksrevisjonen § 12. Tilskottsmottakarar har plikt til å gje opp dei opplysningane som Riksrevisjonen, departementet eller andre som departementet har delegert kontrollmynde til, forlangar.

Rapportering og kontroll

Læring og erfaringsoverføring er eit sentralt mål for bulystsatsinga. Difor ber vi dykk leggje vekt på god rapportering av prosjektarbeidet, både undervegs og med ein eigen sluttrapport.

Alle prosjekt som får støtte skal sende inn ein årleg rapport til departementet. Denne skal innehalde omtale av aktivitetar og tiltak, og gjere greie for eventuelle justeringar av prosjektplanen, både når det gjeld framdrift og aktivitetar. Sjå vedlagde rapporteringsskjema. Vi ber om at den første, årlege rapporten vert sendt til departementet seinast 24. april 2012. De finn eit eige rapporteringsskjema som skal nyttast til rapporteringa på www.regjeringen.no/bolyst. Papirkopi av skjemaet er òg lagt ved dette brevet.

Utbetaling

For å få midlar må prosjekteigar be KRD om å gjere ei utbetaling (utbetalingsoppmoding).

Utbetalinga blir som hovudregel gjort i tre omgangar.

1. Departementet *kan* utbetale inntil 25 pst. av tilskottet når prosjekteigar har akseptert vilkåra i dette brevet, og arbeidet har starta opp (førehandsutbetaling).
2. Når departementet har motteke dokumentasjon av faktiske utgifter, vert inntil 50 pst. av det samla tilskottet utbetalt (etterskottsutbetaling). Dokumentasjon av utgifter bør følgje den årlege rapporteringa.
3. Den siste delen av tilskottet skal utbetalast når prosjektaktiviteten er fullført, og sluttrapport og eventuell revisorstadfesta rekneskap (sjå punkt 5) er sendt inn (etterskottsutbetaling).
4. Alle prosjekt skal levere sluttrapport og prosjektrekneskap.
5. I tillegg skal revisorstadfesta rekneskap leverast av:
 - a) Private tilskottsmottakarar som tek imot meir enn 100 000 kroner, jf. RS 800 Revisors uttale ved revisjonsoppdrag med spesielle føremål.

- b) Offentlege tilskottsmottakarar som tek imot meir enn 400 000 kroner, jf. RS 800 Revisor sine uttaler ved revisjonsoppdrag med spesielle føremål.
6. Tilskotet er gyldig i tilsagnsåret, og dei to påfylgjande åra. Prosjektet må vere avslutta slik at siste utbetaling frå departementet kan gjerast seinast innan utgangen av 2013. Utbetalingsoppmoding må sendast til departementet innan 1. desember 2013.
7. Prosjekteigar har ansvar på vegne av prosjektdeltakarane. Dette gjeld òg det finansielle ansvaret.


Ved kontakt med departementet om utbetaling må tilsegnnummeret som står øvst i dette brevet nyttast. Ved utbetaling av midlar er dette nummeret gitt på utbetalingsblanketten.


Kommunal- og regionaldepartementet ber om at følgjande opplysningar blir sende til postmottok@rd.dep.no:

- Stadfesting på at prosjektet vert gjennomført og på at medfinansiering er på plass
- Revidert budsjett, finansierings- og framdriftsplan
- Behov for eventuell førehandsutbetaling
- Kontonummer og oppmodingar om utbetalingar (sjå under "Utbetaling").
- Ved store endringar i prosjektet: Ny framdriftsplan
- Årleg rapport (innan 24. april kvart år)
- Ved prosjektslutt: Sluttrapport og rekneskap i tråd med retningslinene over.

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer dykk lykke til med prosjektet.

Med helsing


Gerd Slinning e.f.
avdelingsdirektør


Kari R. Theting
rådgjevar

Vedlegg:

Rettleiar i lokal samfunnsutvikling
Rapporteringsskjema for bulyst

Kopi til:

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling
Plan- og administrasjonsavdelingen
Riksrevisjonen
Sogn og Fjordane fylkeskommune